

ÅRSMØTEPAPIR 2019 AUST-AGDER NEI TIL EU

Forslag til arbeidsplan 2019

Fylkesstyret bed årsmøtet å vedta følgjande arbeidsplan for 2019:

Til grunnlag for arbeidet i 2019 legg me den arbeidsplanen for NEI til EU, som vart vedteken på landsmøtet i Sarpsborg 9 nov.2018.

Me har og vidareført faste oppgåver som fylkeslaget må gjere kvart år og nokre oppgåver som ikkje blei slutført i forrige årsmøteperiode, frå den arbeidsplanen som vart vedteken på årsmøtet for Aust Agder Nei til EU 19 mars 2018.

1. Det viktigaste arbeidet for Aust-Agder Nei til EU er å arbeide for at Noreg skal melde seg ut av den sokalla EØS-avtalen og erstatte han med ein handelsavtale med EU.

I tillegg vil Nei til EU alltid ha merksemd på at Noreg framleis skal stå fritt og sjølvstendig utanfor Den Europeiske Union.

2. Difor vil me arbeide for å arrangere opne møte/ konferansar både i Arendalsuka og elles i året. Møta skal særskilt bidra til å samle den breie neisida med satsingsområdet - å styrke oppslutninga til kravet om at Noreg skal melde seg ut av EØS og erstatte han med ein handelsavtale med EU.
3. Me vil bidra til å syne korleis EØS avtalen verkar på det norske samfunnet og undergrev norsk lov og sjølvråderett. Samarbeidet med fagrørsla mot sosial dumping, aktuelle direktiv og sokalla «pakker» frå EU (Jernbanepakke 4 og Mobilitetspakka) skal vidareførast. EU-kommisjonen si fornying/nytolkning av Tenestedirektivet vil ramme det norske kommunale og fylkeskommunale sjølstyret. Vi må reise kampen mot dette i samarbeid med fagrørsla, særskilt innan offentleg sektor, men og saman med lokale politiske parti og politikarar som er mot dette.
4. Me vil arbeide for at Noreg går ut av det sokalla Shengen samarbeidet, og ha full kontroll over egne grenser.
5. Me vil freiste å delta på marknader og messer i fylket, som til dømes messa Naturligvis på Evjemoen og Arendalsuka.

6. Me vil skrive lesarinlegg og freiste å få redaksjonelle oppslag i media.
7. Me vil freiste å vere tilstades på arrangement og tilskipingar som andre organisasjonar arrangerer, og tale vår sak, som til dømes valmøte og debattar i samband med fylkestingsvalet og kommunevalet i haust.
8. Me skal i 2019 ha minst 4 styremøte og ha eit fungerande arbeidsutval. Me vil lage ein plan for drifta av laget gjennom året, men me vil også ha høve til å kalle inn til møte etter behov.
9. Me vil legge til rette for at styre og medlemmer kan delta på rådsmøte og leiarmøte. Fylkeslaget kan også gjeve stønad til reise og opphald på andre aktuelle møte og konferansar etter søknad til AU.
10. Me vil at verving av medlemmer til organisasjonen skal vere ei viktig oppgåve også i komande arbeidsår og vil delta aktivt i verveaksjonar og andre former for verving.
11. Me vil stø ungdoms - og studiearbeid, og stø Ungdom mot EU. Me vil hjelpe til med å skipe studentlag ved Universitetet i Agder - Studenter mot EU.
12. Me vil arbeide med å ha kommunekontakter i alle kommunane i fylket, og å hjelpe til med å skipe nye lokallag. Me vil også hjelpe dei aktive etablerte lokallaga og kontaktpersonane i fylket med deira arbeid.